





GULEN KOMMUNE

MØTEBOK

KONTROLLUTVALET I GULEN KOMMUNE

| | | | | | |
|--|--------------------|--|-----------------|---|-------|
| Møtestad: | Gamle kommunehuset | Møtedato: | 05.10.2012 | Frå kl. : | 10:15 |
| | | | | Til kl. : | 13:15 |
| Faste medlemmer i Kontrollutvalet : | | | | | |
| | | Møtte: | Forfall: | Merknader : | |
| 1. Finn Johansen (leiar). | | X | | | |
| 2. Erna Kjelby | | X | | | |
| 3. Jarle Nordgulen. | | X | | | |
| Varamedlemer : | | | | | |
| | | Møtte: | | | |
| 1. Gjert Knarvik. | | | | | |
| 2. John Vatnøy. | | | | | |
| 3. Bjørn K. Hjartholm. | | | | | |
| 4. Ase L. Vatne. | | | | | |
| Ordføreren har møte og talerett i utvalet: | | | | | |
| Andre som møtte : | | | | | |
| SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit. Assisterande Rådmann Harald Haugejorden skene 16-19/12. | | | | | |
| Saker som vart handsama / drøfta i møtet : | | | | | |
| Sak 016/12 Godkjenning innkalling og sakliste. Sak 017/12 Skriv og meldingar. Sak 018/12 Oppfølging investeringsprosjekt - Oppfølging av kommunestyrevedtak 13/10 Prosjektrekneskapar politisk handsaming. Sak 019/12 Statusrapport utførte/ikkje utførte vedtak. Sak 020/12 Budsjett 2013 - Drift av kontrollutvalet. Sak 021/12 Oppfølgingsliste 3-2012 - Gulen. Sak 022/12 Eventuelt. | | | | | |
| UNDERSKRIFTER : | | | | | |
|  Finn Johansen | |  Erna Kjelby | |  Jarle Nordgulen | |
|  Asgeir Tveit, sekretær | | | | | |

016/12 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 27.09.2012

| Utval | Dato | Utv.- Saksnr. | Status | Vedtaks- organ |
|-----------------|------------|------------------|--------|-------------------|
| Kontrollutvalet | 05.10.2012 | 016/12 | - | Ja |
| Formannskap | - | - | - | Nei |
| Kommunestyre | - | - | - | Nei |

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

Det var ikkje merknader til innkalling eller sakliste.

017/12 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 27.09.2012.

| Utval | Dato | Utv.- Saksnr. | Status | Vedtaks- organ |
|-----------------|------------|------------------|--------|-------------------|
| Kontrollutvalet | 05.10.2012 | 017/12 | - | Ja |
| Formannskap | - | - | - | Nei |
| Kommunestyret | - | - | - | Nei |

Saksvedlegg

- SM 009-12: Vedtak kst sak 031/12 Skriv og meldingar.
- SM 010/12: Brev frå NGIR til eigarkommunane om NGIR selskapskontroll – sjølvkost, datert 22.05.12.
- SM 011/12: Brev frå kontrollutvalet til Gulen kommune om kontrollutvalet sitt høve til å kalle inn administrasjonen til møte, datert 03.07.12.
- SM 012-12: Vedtak kst sak 047/12 Godkjenning årsrekneskap 2011 for Gulen kommune.
- SM 013-12: Vedtak kst sak 053/12 Forvaltningsrevisjon – Kontroll av inntektsida.
- SM 014-12: Driftsrapport 1. tertial 2012 med revidering av budsjett og økonomiplan.
- SM 015-12: Brev frå kontrollutvalet til Advokatfirmaet Harris om byggesak Molo Oppedal – vurdering handsaming kontrollutvalet Gulen, datert 03.07.12
- SM 016-12: E-post frå kontrollutvalet til Gulen kommune om informasjon om kontrollutvalet på heimesida til Gulen kommune.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert teke til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

Saksutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

Sekretariatet sine vurderingar:

018/12 ØKONOMIREGLEMENT – PROSJEKTREKNESKAPAR – STATUS – OPPFØLGING AV KOMMUNESTYREVEDTA 13/10

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 27.09.2012.

| Utval | Dato | Utv.- Saksnr. | Status | Vedtaks- organ |
|-----------------|------------|------------------|--------|-------------------|
| Kontrollutvalet | 05.10.2012 | 018/12 | - | Ja |
| Formannskap | - | - | - | Nei |
| Kommunestyret | - | - | - | Nei |

Saksvedlegg

- Brev frå kontrollutvalet til Gulen kommune om prosjektrekneskapar politisk handsaming, datert 03.07.2012.
- Vedtak kst sak 13/10 Prosjektrekneskapar – politisk handsaming.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kontrollutvalssak 004/10 "Prosjektrekneskapar – politisk handsaming"
- Kontrollutvalssak 033/10 "Status investeringsprosjekt".
- Kontrollutvalssak 007/11 Orientering investeringsprosjekt.
- Kontrollutvalssak 025/11 Oppfølgingsliste 4-2011 – Gulen.
- Kontrollutvalssak 032/11 Økonomireglement – prosjektrekneskapar
- Kontrollutvalssak 015/12 Orientering investeringsprosjekt.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Kontrollutvalet tek til vitande status i saka.
- Kontrollutvalet sender saka til kommunestyret til orientering.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Kontrollutvalet tek til vitande status om at administrasjonen har som siktemål å få økonomireglement og prosjektrekneskapar til politisk handsaming i løpet av 1. halvår 2013, slik at dei er klare når årsrekneskapen skal godkjennast.
- Kontrollutvalet følgjer opp saka.
- Kontrollutvalet sender saka til kommunestyret til orientering.

ØKONOMIREGLEMENT – PROSJEKTRKESKAPAR - STATUS – OPPFØLGING AV KOMMUNESTYREVEDTAK 13/10

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Status i arbeidet med nytt økonomireglement og framlegging av prosjektrekneskapar til politisk handsaming.

Saksopplysningar:

Kontrollutvalet i Gulen vedtok i kontrollutvalsmøte 30.05.2012 i sak 015/12 Orientering investeringsprosjekt følgjande: ”Kontrollutvalet kallar inn rådmannen til neste møte for å orientere om status i arbeidet med å effektivere kommunestyret sitt vedtak i sak 13/10 Prosjektrekneskapar – politisk handsaming av 29.04.2010.

I kontrollutvalsmøte 29.01.2010 sak 04/10 ”Politisk handsaming prosjektrekneskapar” hadde kontrollutvalet oppe sak om politisk handsaming av prosjektrekneskapar etter at det har kome fram i revisjonsmeldingane for årsrekneskapen for Gulen kommune at det ikkje er blitt lagt fram prosjektrekneskapar til revisjon og politisk handsaming.

Kontrollutvalet gjorde følgjande vedtak/gav følgjande tilråding til kommunestyret i saka:

- *Kontrollutvalet ber om at sluttrapportar og prosjektrekneskapar som etter Reglement for investeringsprosjekt skal leggjast fram for politisk handsaming vert lagde fram for slik handsaming.*
- *Kontrollutvalet ber om at aktuelle prosjekt frå 2007, 2008 og 2009 vert lagde fram for kontrollutvalet snarast. Dersom dette ikkje kan skje innan rimeleg tid, ber kontrollutvalet om ei tilbakemelding om kva tid det kan skje.*
- *Kontrollutvalet ber kommunestyret vurdere endring av pkt. 9 Reglement for investeringsprosjekt i Økonomireglementet for Gulen kommune, slik at det går fram av dette at kontrollutvalet skal gje uttale til sluttrapportar og sluttrekneskapar for investeringsprosjekt i Gulen kommune etter at revisor har skrive revisjonsmelding og før handsaming i formannskapet og kommunestyret.*
- *Kontrollutvalet tilrår at nemnde endring skjer samstundes som den planlagde revideringa av finans- og økonomireglementet.*

29.04.2010 gjorde kommunestyret vedtak i samsvar med kontrollutvalet si tilråding.

27.01.2011 var rådmannen i kontrollutvalet og orienterte om investeringsprosjekt.

I revisjonsmeldinga til årsrekneskapen for 2011 datert 16.05.2011 hadde KRYSS-revisjon i presisering på nytt gjort merknad om at det ikkje var blitt lagt fram prosjektrekneskapar til revisjon og vidare politisk handsaming. Kontrollutvalet påpeika også dette i si fråsegn om årsrekneskapen for 2010, datert 27.05.2011, og skreiv at dei vil følgje opp saka i 2011.

I brev 06.10.2011 har kontrollutvalet bede Gulen kommune om status i arbeidet med økonomireglement og at prosjektrekneskapar vert lagt fram i samsvar med kommunestyret sitt vedtak av 29.04.2011.

15.11.2011 mottok kontrollutvalet svar frå administrasjonen. Dei svarte følgjande:

”Økonomireglement er under utarbeiding, prosjektrekneskap er ikkje oppstarta. Begge tiltaka har stått på arbeidslista for administrasjonen i Gulen kommune i 2. halvår 2011, men det let seg ikkje gjere å få desse til politisk behandling i år. Eit realistisk siktemål er å få reglement og prosjektrekneskap til politisk behandling i løpet av 1. halvår 2012, slik at dei er klare når årsrekneskapen skal godkjennast.

24.11.11 hadde kontrollutvalet oppe saka på nytt i sak 032/11 «Økonomireglement – prosjektrekneskapar». Det vart gjort følgjande vedtak:

- *Kontrollutvalet tek til vitande status om at administrasjonen har som siktemål å få økonomireglement og prosjektrekneskapar til politisk handsaming i løpet av 1. halvår 2012, slik at dei er klare når årsrekneskapen skal godkjennast.*
- *Kontrollutvalet følgjer opp saka.*
- *Kontrollutvalet sender saka til kommunestyret til orientering.*

Kontrollutvalet konstaterte i kontrollutvalsmøte 30.05.2012 at det enno ikkje er lagt fram prosjektrekneskapar for avslutta prosjekt, og at det heller ikkje føreligg noko oppdatert økonomireglement for Gulen kommune. Revisor har i revisjonsmeldinga for årsrekneskapen 2011 presisering om at prosjektrekneskapar ikkje er lagde fram.

03.07.2012 har kontrollutvalet sendt brev til Gulen kommune om at rådmannen vert kalla inn til neste møte i kontrollutvalet. Samstundes vart det bede om at prosjektrekneskapar som er avslutta vert lagde fram for politisk handsaming.

Sekretariatet sine vurderingar

Sekretariatet vurderer det slik at sidan dette er ei sak som har stått på kontrollutvalet sin agenda i snart tre år, og det føreligg kommunestyrevedtak i saka, så bør saka sendast kommunestyret til orientering.

019/12 ORIENTERING – STATUS EFFEKTUERING AV KOMMUNESTYREVEDTAK

Sakshandsamar: Asgeir Tveit, SEKOM- sekretariat

Dato: 27.09.2012.

| Utval | Dato | Utv.- Saknr. | Status | Vedtaks- organ |
|-----------------|-------------|-------------------------|---------------|---------------------------|
| Kontrollutvalet | 05.10.2012 | 19/12 | - | Ja |
| Formannskap | - | - | - | Nei |
| Kommunestyret | - | - | - | Nei |

Saksvedlegg

- Saksutgreiing og vedtak kst sak 054/12 Statusrapport utførte/ikkje utførte vedtak – opplysningar til kontrollutvalet av 21.06.2012.
- E-post frå Sekom sekretariat til Gulen kommune, datert 30.01.2012.
- E-post frå Sekom sekretariat til Gulen kommune, datert 03.07.2012.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Orienteringa om status effektivering av kommunestyrevedtak vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Orienteringa om status effektivering av kommunestyrevedtak vert teken til vitande.

kSaksutgreiing

ORIENTERING – STATUS EFFEKTUERING AV KOMMUNESTYREVEDTAK

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Status effektivering av kommunestyrevedtak.

Saksopplysningar:

Kontrollutvalet i Gulen vedtok i kontrollutvalsmøte 10.03.2009 i sak 02/09

Kontrollutvalsarbeid – tiltak at det årleg vil ha ein statusrapport om effektuerte/ikkje effektuerte kommunestyrevedtak.

I kontrollutvalsmøte 27.01.2012 vedtok kontrollutvalet under sak 006/12 Eventuelt følgjande:

Kontrollutvalet ber administrasjonen legge fram liste over «status effektuerte kommunestyrevedtak» til neste kontrollutvalsmøte.

30.01.12 er det sendt e-post der ein ber om at slik statusrapport vert lagt fram for kontrollutvalet. Då rapport ikkje var komen til kontrollutvalsmøtet 30.05.2012, vart det 03.07.2012 sendt ny e-post om same sak.

Sekom sekretariat har no registrert at kommunestyret har hatt oppe sak i møtet 21.06.2012; Sak 054/12 «Statusrapport utførte/ikkje utførte vedtak – opplysningar til kontrollutvalet». I saka ligg rapport over kommunestyrevedtak det vert arbeidd med.

Saksutgreiing og vedtak i saka ligg ved.

Rådmannen vert kalla inn til møtet for å orientere nærare i saka, evt. svara på spørsmål i saka.

Sekretariatet sine vurderingar

Sekretariatet registrer at saka har gått direkte til kommunestyret, og altså ikkje vore innom kontrollutvalet. Sekretariatet stiller spørsmål ved om lista er fullstendig i og med at sak som kontrollutvalet følgjer opp fortløpande, sak 13/10 Prosjektrekneskapar – politisk handsaming, ikkje er med på lista.

020/12 BUDSJETT FOR KONTROLL OG TILSYN 2013

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM-sekretariat
Dato: 28.09.2012

| Utval | Dato | Utv.- Saknr. | Status | Vedtaks- organ |
|---------------|------------|-----------------|--------|-------------------|
| Kontrollutval | 05.10.2012 | 020/12 | - | Nei |
| Formannskap | | - | - | Nei |
| Kommunestyre | | - | - | Ja |

Saksvedlegg.

- Spesifikasjon av forslag til budsjett.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.
- Kommunelova.
- Reglement for godtgjersle til folkevalte i Gulen kommune av 2011 og endring 2012.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

1. Kontrollutvalet tilrår følgjande budsjett og artsspesifikasjon for "Drift av kontrollutval".

| | | |
|---|------------|-----------------|
| Konto 11705 Refusjon av billettutgifter | kr. | 1.000,- |
| Konto 11600 Reise- og kostgodtgjersle | kr. | 6.500,- |
| Konto 10803 Godtgjersle folkevalde | kr. | 40.000,- |
| Konto 10990 Arbeidsgjevaravgift | kr. | 500,- |
| Konto 11500 Opplæring/kurs/seminar | kr. | 10.000,- |
| <u>Konto 11959 Kontingentar</u> | <u>kr.</u> | <u>2.000,-</u> |
| <u>Drift av kontrollutvalet</u> | <u>kr.</u> | <u>60.000,-</u> |

KONTROLLUTVALET SI TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

2. Kontrollutvalet tilrår følgjande budsjett og artsspesifikasjon for "Drift av kontrollutval".

| | | |
|---|------------|-----------------|
| Konto 11705 Refusjon av billettutgifter | kr. | 1.000,- |
| Konto 11600 Reise- og kostgodtgjersle | kr. | 6.500,- |
| Konto 10803 Godtgjersle folkevalde | kr. | 40.000,- |
| Konto 10990 Arbeidsgjevaravgift | kr. | 500,- |
| Konto 11500 Opplæring/kurs/seminar | kr. | 10.000,- |
| <u>Konto 11959 Kontingentar</u> | <u>kr.</u> | <u>2.000,-</u> |
| <u>Drift av kontrollutvalet</u> | <u>kr.</u> | <u>60.000,-</u> |

Saksutgreiing

BUDSJETT FOR KONTROLL OG TILSYN 2013

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Budsjett 2013 for drift av kontrollutvalet i Gulen kommune.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar §18, har kontrollutvalet ansvar for at det vert utarbeidd budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Eit forslag til budsjetttråme skal følgje formannskapet si innstilling til kommunestyret.

Kontroll- og tilsynsorganet inneheld tre element, (heretter kalla prosjekt i samsvar med nemningane i kontoplanen); revisjon, sekretariat og drift av kontrollutvalet. Det er naturleg at budsjettet vert fordelt på desse tre prosjekta.

I posten "Drift av kontrollutvalet", høyrer følgjande kostnader naturleg inn:

Kostgodtgjersle
Køyregodtgjersle.
Tapt arbeidsforteneste
Møtegodtgjersle
Arbeidsgjevaravgift
Kurs/seminar
Kontingentar
Andre utgifter

For kontrollutvalet i Gulen gjeld følgjande satsar.

- Kost- og køyregodtgjersle etter "Kommunens reiseregulativ".
- Tapt arbeidsforteneste: Ulegitimert kr. 1.000,-.
Legitimert etter dokumentasjon inntil kr. 2.400,- .
- Møtegodtgjersle for kontrollutvalseiar pr dags dato kr 12.330,- pr. år.
- Møtegodtgjersle for kontrollutvalsmedlemer pr dags dato kr 9.248,- pr. år.

Gulen kommune er med i interkommunale samarbeid når det gjeld revisjon og sekretariatstenester gjennom høvesvis KRYSS-revisjon og SEKOM-sekretariat. Begge desse selskapa er organiserte etter §27 i kommunelova, og begge selskapa har teke inn i vedtektene sine at det er styret i selskapet som vedtek budsjettet, og at budsjettet skal sendast til kommunane innan 1. november året før budsjettåret.

Sekretariatet sine vurderingar:

Budsjettforslaget blir lagt fram som følgje av krav om dette i lova.

Budsjetta for KRYSS-revisjon og SEKOM-sekretariat vert vedtekne i dei respektive styra. Kontrollutvalet skal derfor ikkje leggje fram budsjett for desse.

021/12 OPPFØLGINGSLISTE 3-2012 GULEN

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 28.09.2012

| Utval | Dato | Utv.- Saksnr. | Status | Vedtaks- organ |
|---------------|-------------|--------------------------|---------------|---------------------------|
| Kontrollutval | 05.10.2012 | 021/12 | - | Ja |
| Formannskap | | - | - | |
| Kommunestyre | | - | - | |

Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 3-2012 Gulen.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Oppfølgingslist 3-2012 Gulen vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Oppfølgingslist 3-2012 Gulen vert teken til vitande.

Saksutgreiing

OPPFØLGINGSLISTE 3-2012 GULEN

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksoppfølging.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 28. september 2012.

Lista vil bli oppdatert fortløypande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppfølgingsliste 3-2012 - Gulen.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Gulen kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

| Saker som er tekne opp | Dato | Merknad | Status |
|--|----------|---------|--|
| 02/09 Kontrollutvalsarbeid – tiltak | 10.03.09 | | 10.03.09 Vedtak KU. - Orientering frå adm. - Tilsynsrapportar frå fylkesmannen - Tertialrapportar - Informasjon frå revisor - Kvalitetsrapportar etter tilsyn med revisor. - Status effektuerte kommunestyrevedtak. |
| 004/10 Prosjektrekneskapa – politisk handsaming | 28.01.10 | | 10.09.09 Vedtak KU be om at prosjektrekneskapar vert lagt fram for revisjon og politisk handsaming. 11.09.09 Førespurnad til revisor om retningsliner. 01.10.09 Munnleg svar frå KRYSS- finn ikkje at det eksisterer noko skriftleg. 30.09.09 Førespurnad Gulen kommune pr. e-post 2.10.10 Motteke. 29.01.10 Vedtak KU – ber om at prosjekt for 2007,08 og 09 vert lagde fram. Tilråding til kst. – endre økonomireglementet. 29.04.10 Vedtak kst sak 13/10 i samsvar med kontrollutvalet si tilråding. Avventar levering av prosjektrekneskap Sjå sak 033/10 og 07/11, 032/11 og 15/12.. |
| 027/11 Rapport selskapskontroll NGIR IKS | 04.10.11 | | 04.10.11: Tilråding til kommunestyret. 06.10.11 saka s kst. 17.02.12 Vedtak kst sak 010/12. 22.05.12 Brev frå NGIR |
| 031/11 Overordna analyse | 24.11.11 | | 24.11.11 Vedtak KU – Tinge OA frå KRYSS |
| 032/11 Status økonomireglement og framlegging av prosjektrekneskapar | 24.11.11 | | 24.11.11 Vedtak KU: - Kontrollutvalet tek til vitande status om at administrasjonen har som siktemål å få økonomireglement og prosjektrekneskapar til politisk handsaming i løpet av 1. halvår 2012, slik at dei er klare når årsrekneskopen skal godkjennast. - Kontrollutvalet følgjer opp saka. - Kontrollutvalet sender saka til kommunestyret til orientering. 24.11.11 s brev til Gulen kommune. 03.07.12 Brev til Gulen kommune. |
| 034/11 Eventuelt | 24.11.11 | | 24.11.11 Vedtak KU: Kontrollutvalet ber om at sekretariatet tek kontakt med administrasjonen i Gulen kommune med tanke på å få lagt inn informasjon om kontrollutvalet på heimesida til Gulen kommune. 03.07.12 E-post til Gulen kommune. |
| 006/12 Eventuelt. | 27.01.12 | | 27.01.12 Vedtak KU: Kontrollutvalet ber administrasjonen legge fram liste «Status effektuerte kommunestyrevedtak» til neste kontrollutvalsmøte. 30.01.12 E-post til administrasjonen der vi ber |

| | | | |
|--|----------|--|--|
| | | | om å få denne tilsendt innan neste møte. 03.07.12 Purring. 21.06.12 Vedtak kst sak 054/12 – Vert å leggje fram for kontrollutvalet i neste møte. |
| 007/12 Godkjenning av innkalling og sakliste | 30.05.12 | | 30.05.12 Vedtak KU – Ikkje merknader. |
| 008/12 Skriv og meldingar | 30.05.12 | | 30.05.12 Vedtak KU – Teke til vitande |
| 009/12 Forvaltningsrevisjonsrapport «Kontroll av inntektssida» | 30.05.12 | | 30.05.12 Tilråding til kst 30.05.12 s. kst 21.06.12 Vedtak kst sak 053/12. |
| 010/12 Årsrekneskapen 2011 – Gulen kommune | 30.05.12 | | 30.05.12 Fråsegn til kst 30.05.12 s kst. 21.06.12 Vedtak kst sak 047/12. |
| 011/12 Journalføring – Vurdering handsaming kontrollutvalet | 30.05.12 | | 30.05.12 Vedtak KU – Kontrollutvalet avstår å sjå nærare på saka. 03.07.12 Brev til adv Harris |
| 012/12 Vurdering av oppdragsansvarleg revisor si uavhengigheit | 30.05.12 | | 30.05.12 Vedtak KU – Teke til vitande, s kst t or 30.05.12 s kst til orientering. 21.06.12 Vedtak kst sak 031812 Skriv og meldingar. |
| 013/12 Oppfølgingsliste 2-2012 – Gulen | 30.05.12 | | 30.05.12 Vedtak KU - Kontrollutvalet set opp eiga sak om å kalle inn rådmannen for å orientere om status i arbeidet med å effektivere kommunestyret sitt vedtak i sak 13/10 Prosjektrekneskapar -- politisk handsaming av 29.04.2010. 03.07.12 Brev til Gulen kommune - Oppfølgingslist 2-2012 Gulen vert elles teken til vitande. |
| 014/12 Eventuelt | 30.05.12 | | 30.05.12 – Vedtak KU Kontrollutvalet merkar seg at administrasjonssjefen ikkje har meldt forfall til kontrollutvalsmøtet 30.05.2012, som han var kalla inn til, og at leiari for skatt og rekneskap møtte i hans stad på kort varsel. Kontrollutvalet ber om at administrasjonssjefen møter i møte han er kalla inn til eller at den som skal møte i hans stad vert informert om møtet i god tid. 03.07.12 Brev til Gulen kommune. |
| 015/12 Orientering - investeringsprosjekt | 30.05.12 | | 30.05.12 Vedtak KU - Kontrollutvalet kallar inn rådmannen til neste møte for å orientere om status i arbeidet med å effektivere kommunestyret sitt vedtak i sak 13/10 Prosjektrekneskapar -- politisk handsaming av 29.04.2010. - 03.07.12 Brev til Gulen kommune. |

Oppdatert 28.09.2012

022/12 EVENTUELT

Sakshandsamar: Asgeir Tveit, SEKOM- sekretariat
Dato: 28.09.2012

| Utval | Dato | Utv.- Saksnr. | Status | Vedtaks- organ |
|-----------------|------------|------------------|--------|-------------------|
| Kontrollutvalet | 05.10.2012 | 022/12 | - | Ja |
| Formannskap | - | - | - | Nei |
| Kommunestyret | - | - | - | Nei |

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

- Det vart ikkje teke opp saker.

Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.